

Saksbehandlar: Trond Sundby
Avdeling: Plan- og samfunnsavdelinga
Sak nr.: 09/4429-71

Søknad frå Nærøyfjorden Verdsarvpark

Fylkesdirektøren rår hovudutvalet for plan- og næring til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkeskommunen løyver 975 000 kr til Nærøyfjorden Verdsarvpark
2. Tilskotet skal nyttast til delfinansiering av handlingsplanen for 2014
3. Tilskotet vert dekkja av tidlegare avsette fondsmidlar på tenesteområde 7164 – Friluftsliv, natur og vassforvaltning

Vedlegg:

1. Søknad om midlar til delfinansiering av handlingsplanen 2014
2. Godkjend handlingsplan
3. Oversikt over løyvingar til no i prosjekta i programmet «Naturarven som verdiskapar»

Andre dokument som ikkje ligg ved:

HPN sak 17/13

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn

Nærøyfjorden Verdsarvpark søker om eit tilskot på 1 325 000 kr. til delfinansiering av handlingsplanen for 2014

”Naturarven som Verdiskaper» er eit fleirårleg verdiskapingsprogram initiert av Miljøverndepartementet og Direktoratet for naturforvaltning (DN) med føremål å auke verdien av verneområde og andre naturområde med spesielle kvalitetar. Programmet skal legge til rette for at slike område *”blir ein viktig ressurs for sosial, kulturell, miljømessige og økonomisk utvikling og gi grunnlag for sysselsetting og verdiskaping basert på naturarven, samtidig som områda vert forvalta slik at naturens mangfald blir teke vare på”*.

Det vart plukka ut 10 område i heile landet etter ein søknadsrunde. Sogn og Fjordane deltek med tre område. Det er HAFS-kommunane v/prosjektet Kystarven, Luster v/prosjektet «Mellom fjell, fjord og folk» og Stiftinga Nærøyfjorden Verdsarvpark v/prosjektet «Verdiskaping skjer i møtet». Det vart lagt til grunn at storleiken på søknadane ville ligge på om lag på same nivå kvart år fram til prosjektslutt ut 2013.

Alle prosjekta fekk tilskot frå fylkeskommunen i tråd med søknad i 2010. Vedlegg 3 syner ei oversikt over løyvingane til prosjekta frå og med 2011 til og med 2013. Sluttrapport frå dei tre prosjekta i fylket vil kome i løpet av 2014.

Søknaden for 2014

Vedlagt handlingsplan for 2014 fremjar innsats og tiltak utført gjennom parksamarbeidet som utgjer ein kostnad og trong for finansiering/innsats tilsvarande 1 325 000 kr.

Innsats –og prosjektområda som vert søkt finansiert med midlar frå Sogn og Fjordane fylkeskommune ~~som medstiftar og regional utviklingsaktør~~ går fram av vedlagte søknad og handlingsplan.

Søknaden gjeld desse innsatsområda:

- | | |
|--|------------|
| • Styre, organisasjon, prosjektleiing og møteplassar | 560 000 kr |
| • Vertskap og formidling | 50 000 kr |
| • Fjordportalen | 50 000 kr |
| • Infopunkt Flåm | 20 000 kr |
| • Lokale informasjons –og visningscenter | 100 000 kr |
| • Formidling og informasjon | 60 000 kr |
| • Framhjelp av mat-, handverks-, og opplevingsproduksjon | 50 000 kr |
| • Kulturminnedagen 2014 | 40 000 kr |
| • Vikingmarknad i Gudvangen | 20 000 kr |
| • Tursti Brekkefossen Flåm | 50 000 kr |
| • Informasjonstavler | 50 000 kr |
| • Rydding, merking og skilting av turveggar | 50 000 kr |
| • Kunnskapsbase – marin del | 25 000 kr |
| • Samarbeid med skulane | 50 000 kr |
| • Etablering av bygningsvernsenter på Otternes Bygdetun | 100 000 kr |

2. Vurdering

I HPN sak 17/13 løyvde fylkeskommunen 950 000 kr til vidare satsing på interkommunale natur –og kulturparkar som verktøy for økt verdiskaping med basis i natur og kultur:

1. Fylkeskommunen vil støtte kommunar som samarbeider om verdiskaping av natur- og kulturarven i fylket gjennom fleirårige avtaler med kommunane
2. Fylkeskommunen meiner at interkommunalt parksamarbeid vil vere eit nyttig verktøy for å samordne og målrette innsatsen for økt verdiskaping med basis i natur og kultur.
3. Fylkeskommunen meiner det er viktig å bidra med midlar til grunnfinansiering av stiftinga Nærøyfjorden Verdsarvpark. Gjennom budsjettprosessen vil det bli gjort vurderingar av storleik og finansiering.
4. Fylkeskommunen vil følgje opp stortingsmeldinga «Framtid med fotfeste» om kulturpolitikk gjennom å ta ei leiroll i verdiskapingsarbeidet og legge til rette for god samordning av relevante verkemiddlar regionalt.
5. Fylkeskommunen løyver 950.000 kroner til interkommunale natur- og kulturparkar i 2014. Løyvinga vert dekkja av restmidlar frå føregåande år på teneste 7164 Friluftsliv, natur- og vassforvaltning.

Fylkesdirektøren viser til at desse midlane er restmidlar frå programmet «Naturarven som verdiskapar» som bør nyttast til slutføringa av prosjekta i programmet.

Nærøyfjorden Verdsarvpark sin søknad for 2013 kom inn for seint slik at budsjetterte

midlar då vart overført til 2014. Fylkesdirektøren rådde difor til at dei søkte på nytt for planlagde aktivitetar i 2014.

Fylkesdirektøren viser til at fylkeskommunen i tillegg til dei løyvde midlane på 950 000 kr, har igjen unytta midlar frå programmet på 25 000 kr frå 2013. Fylkeskommunen disponerer soleis i alt 975 000 kr til bruk innafor dette satsingsområdet.

Fylkesdirektøren meiner at støtte til interkommunalt samarbeid om natur- og kulturparkar vil vere optimalt i det vidare arbeidet med verdiskaping av natur- og kulturarven. Gjennom støtte til parksatsinga meiner fylkesdirektøren at fylkeskommunen også fangar opp det lokale og regionale friviljuge engasjementet for natur- og kulturarven vår.

Fylkesdirektøren meiner at støtte til satsingsområda innafor parkane bør bli gitt som ei fleirårig rammløyving til satsingsområda i parkplanane for å unngå unødvendig meirarbeid med årlege søknader og kontrollregime. Vilkår for tilskot må vere krav om årleg handlingsplan, evalueringsrapport og godkjend rekneskap etter kvar programperiode eller ved rullering/revisjon av parkplanen. Satsingane bør bli evaluert og revidert etter ein periode på to til tre år.

3. Konklusjon

Fylkesdirektøren rår til at fylkeskommunen løyver 975 000 kr til Nærøyfjorden Verdsarvpark. Tilskotet vert dekket av tidlegare avsette fondsmidlar på tenesteområde 7164 – Friluftsliv, natur og vassforvaltning.